

Nr 1 - 2022

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget



møte:plassen



God påske!

**Roald Byberg
aktiv pensjonist**
side 4-5

**Raus gave
til kyrkja**
side 6

**Ny styrar i
barnehagen**
side 8

PÅSKE

For mange er påske eit ord som heng saman med fjell, hytteliv og ski. Det har det aldri vore for meg.

Eg vaks opp på gard på Bømlo, og påsken var ikkje tida for å reise vekk. I staden var det den gryande våren som sette preg på påskedagane. Nytt liv som spirar fram er difor det eg ofte tenkjer på når eg ser for meg påsketida. Eg er glad i song og musikk, og difor er også dei ulike påskesalmane og -songane sentrale når eg tenkjer på påske. I jobben min er eg også så heldig at eg får ha påske som tema for arbeidet i fleire veker på våren, og då får eg ei god oppfrisking av både forteljingane og songane. Særleg er det jo barnesongane eg syng saman med borna eg møter i kor eller i trusopplæringa, men eg får også vere med og planleggje gudstenester og då vert repertoaret utvida. Spennvidda i påskesalmane er jo så stor. Heilt frå jubel på palmesøndag til sorg og fortviling på langfredag, og så enno større jubel og glede att på påskedag.

Ei av dei påskesalmane eg har blitt veldig glad i er «Hill deg frelser og forsoner» av Grundtvig. I haust kom denne ut på ei plate som heiter «Salmer for livet» og gjekk rett inn i hjarta mitt. Ei gammal salme i ei flott innpakning gjer at eg lyttar og verkeleg hører kva som vert formidla. Så det er ei anbefaling frå meg denne påsketida: Finn deg nokre gode påskesalmar og

bruk tid til å lytte. Grundtvig sine ord frå 1837 er like aktuelle for meg i dag:

**Kjærligheten, hjertegloden
sterkere var her enn døden.
Du for vår skyld alt forsaker,
og i lydighet du smaker
korsets død i alles sted.**

Livet som spirar fram om våren gjev meg nytt håp og noko å sjå fram mot. Me veit at sommaren kjem. Men me treng ikkje venta heilt til sommaren for å gle oss over det me har. Våren er vakker i seg sjølv. Trea er grønare og lufta klårare enn seinare på sommaren. Det er nett som at våren strekar under at livet er sterkest. Anten det er sol, sludd eller regn på påskedag, så er bodskapen likevel like sterkt og tydeleg. Kristus har sigra over døden. Livet vann. Som våren vinn over vintermørkret vann Han over det evige mørkret. Det er eit under som grip meg kvar vår og kvar påske. Det gjev meg håp, ikkje berre for dagane som kjem dette året, men også for det som skjer når livet her på jorda er over.

**Ja, jeg tror på korsets gåte,
gjør det, Frelser, av din nåde.
Stå meg bi når fienden frister,
rekk meg hånd når øyet brister,
si: Vi går til Paradis!**

God påske!

Ragnhild Hanssen
trusopplærar

mote:plassen

1 - 2022

17. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
LAYOUT:
Hanne Brit Sandmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
Hanne Nordbrønd
Siv H. Undheim
Hanne Brit Sandmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjecontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidefoto: Johanna Høiland og Astrid Berge Foto: (Ragnhild Hanssen)
Illustrasjonsfoto: frå Pixabay.com



Min sang

«På Golgata stod det et kors» er det første som dukker opp i hodet mitt når jeg tenker på påsken. Denne barnesangen avslutter så fint med at gleden over at Jesus lever nærmest ropes ut.

Nå har jeg blitt voksen, men sanger jeg lærte som liten jente følger meg fortsatt. Hver gang jeg hører en kristen sang jeg lærte som barn kjenner jeg en indre ro og trygghet.

«En gang for alle» av David André Østby har blitt min voksne variant av «På Golgata stod det et kors». I denne sangen blir vi minnet på Jesu lidelse før sangen avslutter med jubel over Jesu oppstandelse og nåden han gav.

Det er mye i livet og verden som er avansert og vanskelig å forstå. Da synes jeg det er godt å gå tilbake til enkle barnesanger om Jesu kjærlighet til oss, og vite at Gud har en plan, selv når alt virker håpløst.

«For så har Gud elsket verden at han ga sin Sønn, den enbårne, for at hver den som tror på ham, ikke skal fortapes, men ha evig liv.»
Johannes 3,16.

Hanne Nordbrønd

En gang for alle

*Han ble forrådt
Han ble forlatt
Og kjempet mot
fryktens makt*

*Han ba i angst
Mens svetten rant
Men lydig Han ofret alt*

*På treet Han hang
Han bar all vår skam
Og ga sitt liv*

*Han elsket så høyt
Ble spottet og bøyd
For verdens skyld*

*Jesus tok en gang for alle
Den straffen som vi skulle få
Hans død ga oss livet tilbake
En nåde som alltid består*

*Han pustet ut
En siste gang
Og sola ble mørk for Ham*

*Men livet kom
Den tredje dag
Og vant over død og grav*

*Vant over død og grav
Jesus tok en gang for alle
Den straffen som vi skulle få
Hans død ga oss livet tilbake
En nåde som alltid består*

*Ved korset har vi frihet
Jesus ga oss livet
En gang for alle
ble seieren vår*

*Døden måtte slippe
Mørket måtte flykte
Kristus er oppstått,
Han lever i oss*

*Ved korset har vi frihet
Jesus ga oss livet
En gang for alle ble
seieren vår*

*Døden måtte slippe
Mørket måtte flykte
Kristus er oppstått,
Han lever i oss*

*Jesus tok en gang for alle
Den straffen som vi skulle få
Hans død ga oss livet tilbake
En nåde som alltid består*

David André Østby



ROALD BYBERG - AKTIV PENSJONIST

*- SALMANE GIR MEG TRØYST.
DEI GIR OSS HÅP I DET
SOM MÅTTE SKJE*

Tekst og foto: Siv H. Undheim

73-ÅRINGEN PENSJONERTE SEG

I 2016

Men det var behov for vikarar, og han sa ja til gravferder og bryllaupe. I 2021 var han først eit halvt år i Hå, før han i august blei spurt om å vere vikar i 50 % stilling på Undheim, sidan May Brit Merland Arnø er sjukemeldt. Det takka han ja til. Vikariatet varer ut juni 2022.

- Det har vore passe med 50 %, fortel Roald. Han synest det er fint å ha meir tid til å førebu gudstenestene.

– Eg er veldig glad i å forkynne og å halde gudstenester. Det gir meg mykje. Eg er imponert over og glad for alle frivillige som er med på å feire gudsteneste her på Undheim. Så mange ulike menneske som gjer ein fantastisk innsats. Det er så flott!

Han smiler. – Eg opplever å få leve i mysteriet i trua, for trua er eit under. Eg blir meir og meir oppbygd, det er fantastisk å få forkynne evangeliet. Og så likar eg godt å møte menneske. Det finst mykje tru rundt omkring, seier Roald. – Å få kome i kontakt med desse og snakke om tru og tvil, er meiningsfylt.

MISJONÆR I KAMERUN

Roald blei ordinert til prest i 1975. Han og kona Solveig reiste som misjonærar til Kamerun og var der i ein tidsperiode på 15 år. Solveig er født og oppvaksen i Kamerun. Ho snakkar eit av dei lokale språka, Mbum, flytande. Roald fortel at det er over 300 ulike språk i Kamerun. Fransk var arbeidsspråket då dei var der. Kamerunarane lærer fransk eller engelsk på skulen, og begge språka blir for eksempel også nytta på fjernsynet.



– Eg hadde alltid med meg ein tolk som snakka mange av dei lokale språka. Det er mange språkflinke i Kamerun, dei er jo vande med å lære seg ulike språk.

– Me hadde det veldig godt som misjonærar, men det var òg utfordrande. Me møtte ein ny kultur og levemåte. Men det var fred i landet dei åra me var der, og me hadde heile tida barna buande heime. Mange andre misjonærar opplevde at barna budde på internatskular. Det var nok ikkje alltid så godt, verken for barna eller foreldra, seier Roald.

Dei reiste heim til Noreg i 1992, på grunn av at barna deira var i ungdomsåra då og ønska å reise til Noreg. Roald fortel at det var utfordrande å kome heim, dei måtte på ein måte begynne på ny. Erfaringane dei hadde vart ikkje etterspurt lenger. Det som dei kjende til frå Kamerun gjaldt liksom ikkje. Men det gjekk seg til etter kvart.

Heile familien er veldig glade i Kamerun. Roald har vore tilbake to gonger etterpå. Han og kona ønsker å reise igjen i 2024. Då er det 100 år sidan dei første misjonærane kom til Kamerun.

SORG OG GLEDE

Heime i Noreg busette familien seg på Klepp, og der trives dei godt no. Etter at dei kom heim arbeidde Roald først eit år i NMS, og fem år som misjonskonsulent i bispedømet. Så var han prest på Figgjo og Bogafjell fram til 2003. Då begynte han som prest på Ogna, og var der fram til han pensjonerte seg.

Roald og familien har erfart at livet kan by på både sorg og glede. Roald og Solveig har fire barn og ni barnebarn.

For ti år sidan opplevde dei å miste eit av barnebarna sine, som døydde av kreft. Ein flott gut på fire år. – Det var vondt og trist. Me trøystar oss med at han var til glede for sine nærmeste den tida han fekk leve, seier Roald.
– Og trua gir oss håp, midt i det vanskelege.

– Me kan koma til Gud med vår sorg og smerte. Han forstår oss, for Han er prøvd i alt. Då er det godt å leggja det over på Han, seier Roald.

TANKAR TIL TRØYST

Nå som det nærmar seg påske tenker Roald på alt Jesus gjekk gjennom av liding for oss menneske.

– Jesus si smerte og liding. Han gjorde det for å rette opp relasjon mellom Gud og menneska, me klarer det ikkje sjølv. Det er jo fantastisk, seier Roald.

Han blar i salmeboka. Han er veldig glad i salmane, både dei som står i Bibelen og dei i salmeboka.

Han finn fram til salme nr. 109 i salmeboka, no i fastetida:

«Å hvilke dype saker,
forundres vel min sjel.
Se Herren døden smaker,
i stedet for sin trell».

Han blar vidare og siterer salme nr. 633 i salmeboka.

«Gå du med oss
for vegnen er lang
Lytt du til oss,
for sorga er tung
Tal du til oss,
gje meinig og liv
Ver du hjå oss,
det lid no mot kveld
Kom til bordet
og del du vårt brød
Opne augo,
vår fridom er du»

– Dette skal me få ta til oss, kvila i og gjer kjent for andre. Eg finn trøyst og håp i salmane. Dei talar sant om livet, for Han går med oss.

UKRAINA

– Og no som det er krig i Ukraina, så er det naturleg at me blir urolege og bekymra. Me kan leva i trua på Gud som er nær, midt i ei vanskeleg og tung tid. Det gir håp.

Roald fortel at salme 31 i Bibelen, vers 3 – 5, har blitt ei felles dagleg bøn i Ukraina. Dei ukrainske kyrkjene har blitt einige om å be denne salmen kvar dag kl. 17.00, etter oppmoding frå ein jødisk rabbi i landet. Det betyr at ortodokse, katolske, protestantiske og evangeliske kristne står saman med ukrainske jødar i bøn til

Gud i den fortvila situasjonen folket er i.

Roald ønsker å avslutte med Kol. 3, vers 12-14:

«De er Guds utvalde, heilage og elska av han. Kled dykk derfor i inderleg medkjensle og ver gode, milde, audmjuke og tolmodige, så de ber over med kvarandre og tilgjev kvarandre om den eine har noko å klaga den andre for. Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre. Og over alt dette: Kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og gjer fullkommen.»



«Vend øyret til meg,
skund deg og redd meg!
Ver meg eit vern og eit berg,
ei borg til frelse!
Du er mitt fjell og mi borg;
for ditt namn skuld fører
og leier du meg.
Løys meg or garnet
dei har spent ut for meg!
For du er mi tilflukt.»

Salme 31, vers 3 – 5

Raus gav til Undheim kyrkje

Tekst: Steinar Sandvik

Marit Arrestad har gitt ei gave på ein million kroner til Undheim kyrkje.

– Dette vil eg at dokke skal få til Undheim kyrkje, sa Marit Arrestad til Torvald Tjåland, leiar i styret for Undheim kyrkje.

OVERRASKANDE

Torvald fortel at han var invitert til kyrkja utan å ane kva som skulle skje, og slett ikkje ei glad historie som dette.

– Då eg fekk det synlege beviset på gava, må eg nok seie at eg kjende det emosjonelt, og det kom nok ei tåre, fortel Torvald. – Men eg fekk takka den rause gjevaren og gitt henne ein god knib.

Gåva vart gitt litt før årsskiftet. Enno har ikkje styret for kyrkja drøfta kva gava skal nyttast til. Men Torvald kan love at gava skal kome til god nytte. Styret kan disponere gava fritt.

– Ei slik gave som dette vil sjølv sagt bety at vi får ein romslegare økonomi framover, seier Torvald.

MARIT OG RASMUS

Marit Arrestad budde lenge på heimegarden på Årstad. Ho arbeide ved strikkevarefabrikken Skjæveland på Ålgård, men ho vart tidleg uføretrygda. Broren Rasmus kjøpte bustadhuset i Bjørnholen. Han og Marit flytta dit saman med mora Ingeborg.

Rasmus sa tydeleg at arven etter han skulle delast i to; den eine halvparten til Undheim kyrkje og den andre til Det norske misjonsselskap. Han var klar på at alle som hadde hatt lærarinna og læraren på skulen visste vegen heim.

Etter at Rasmus døydde, arva Marit eide dommen i Bjørnholen, og ho budde der til ho kom på sjukeheim. Huset vart selt og arven vart delt etter Rasmus sin vilje.

Ein arv som no er delt mellom to takksame mottakarar.



Eit rørande møte då Marit Arrestad overrekte gava på ein million kroner til Torvald Tjåland, styreleiar i styret for Undheim kyrkje. (Privat foto)



Eit tydeleg bevis på ei raus gave.

LAUST OG FAST

starter opp att
i kyrkjekjellaren
onsdag 20. april kl. 14.00.
Ordførar Andreas Vollsund
vert med.

nesten dato: 18. mai

Bevertning og utlodning

Velkomne!

Nytt kyrkjestyre

Tekst og foto: Steinar Sandvik

6. mars var det årsmøte for Undheim kyrkje og bedehus. For første gong var årsmøtet gjennomført like etter søndagens gudsteneste.

Rundt 25 møtte til årsmøtet som vart leia av Torvald Tjåland som vart attvald som leiar.

Han har vore leiar sidan 2004.

Dei andre i styret er: Pål Ånund Tveiten – nestleiar, Svein Fosse, kasserar, Hans Christian Høiland – skrivarskribar og Hans Undheim – styremedlem. Reidunn Haavardsholm er 1. varamedlem med Odd Ove Tunheim som 2. varamedlem. Alle val var samrøystes.

Både årsmelding og rekneskap vart samrøystes godkjende.

I løpet av året vart steingarden ved parkeringsplassen mot elva renoveret. Sparebankstiftinga Time og Hå støtta arbeidet med omlag halvparten av kostanden.

Styret har også søkt Time kyrkjelege fellesråd om støtte til nye hovudlys og solskjerming. I samband med økonomiplanen for Time kommune var det sett av midlar til desse prosjekta.

– Dette er dei store prosjekta i løpet av året, seier styreleiar Torvald Tjåland. Han legg til at det er nødvendig med solskjerming på sørsida av bygget. – Særleg gjeld det i gravferder og andre arrangement på dagtid.

– Dessutan er det nødvendig med ein god del vedlikehald i form av måling på utsida av bygget, legg Tjåland til.

Rekneskapen for 2021 viser ei solid drift. Dei største inntektene er ei gave på ein million kroner. Dessutan har Sparebankstiftinga støtta med 50.000 kroner. Utleige og brutto inntekt frå konsertar ligg på godt over 56.000 kroner.

Dei største utgiftene er på vel 70.000 kroner til uteområdet. Straumkostnaden ligg på vel 26.000 kroner og 13.000 kroner til forsikringar. Det er brukt vel 11.000 kroner til inventar og utstyr, medan det har gått med 7.000 kroner konsertar.



Styremedlemmar og varamedlemmar i styret for Undheim kyrkje og bedehus.

Fra venstre Pål Ånund Tveiten - nestleiar, Hans Undheim – styremedlem, Hans Christian Høiland – skribar, Svein Fosse – kasserar, Reidunn Haavardsholm – 1. varamedlem, Odd Ove Tunheim – 2. varamedlem og Torvald Tjåland – styreleiar.

SER FRAM TIL NY JOBB

I SOMMAR TEK
TOVE HERSDAL
OVER SOM
STYRAR I
UNDHEIM
BARNEHAGE

HO GLER SEG

Tekst og foto: Steinar Sandvik

– Det er noko med Undheim, smiler

Tove Hersdal. – Eg gler meg veldig å kome tilbake til barnehagen og bygda. For meg er det starten på eit nytt kapittel.

TRIVST MED ANSVAR

Det er ikkje meir enn to år sidan ho tok til i ny jobb som styrar i Marka barnehage i Klepp, akkurat då koronaen braut ut. Marka barnehage er foreldreeigd med litt færre plassar enn barnehagen på Undheim. No er ho tilbake til barnehagen på Undheim der ho var eit par år. Før det arbeidde ho i fire-fem år som ungdomsarbeidar, men ho hadde også arbeid for barn i Undheim kyrkje.

– Eg har arbeidd to år som styrar i Marka, og eg kjenner at eg trivst med personalansvar, seier Tove. – Saman skal vi jobbe i lag for å få ein god barnehage slik Undheim barnehage er i dag. Sidan det er berre nokre år sidan eg arbeidde her, kjenner eg mange av dei tilsette, noko som er ein stor fordel.

FOR HEILE BYGDA

– For meg betyr det mykje at det er ein livssynsbarnehage, men det er også ein bygdabarnehage. Vårt ønskje er at det skal vere rom for alle barn i barnehagen, understrekar Tove og røper at barnehagen har lovande søknad også dette året. Søknadsfristen var 1. mars.

– Eg kjenner både barnehagen og personalet, og

eg veit kva barnehagen står for. Eg liker Undheim, smiler den nye barnehagestyraren og legg til at barnehagen framleis skal vere ein ettertrakta barnehage

TEK OVER I SOMMAR

Det er enno ikkje heilt avklart kva tid Tove tek til i stillinga. Men ho reknar med at det vert i løpet av sommaren. Rut Moi Lunde som har vore tilsett i barnehagen i 27 år, sluttar av 31. juli. Tove reknar med at det vert ei viss overlapping før ho tek over. Men 18. august skal det vere full drift i eit nytt barnehageår.

TRYGG OG GOD START

Tove Hersdal er 45 år og bur på Bryne. Ho er gift med Svein Hersdal, saman har dei fire barn.

– Eg byrja arbeidskarrieren min som assistent i barnenage, og eg har alltid likt å arbeide saman med barn og unge. Difor vart det utdanning som førskulelærar.

I tillegg har Tove utdanning innan diakoni med særleg fokus på sjælesorg hos barn og unge. Seinare har ho teke styrarutdanning for barnehage. No tek ho masterudanning i leiing som deltidsutdanning.

– Eg likar godt å arbeide med barn. Vi skal gi barna ein god start og ein god kvardag. Og det er viktig for oss som arbeider i barnehagar å møte dei små på ein trygg og god måte, seier Tove Hersdal.

Nytt frå soknerådet og dagleg leiar

LEDIG STILLING SOM UNGDOMSARBEIDAR FRÅ HAUSTEN

Me er takknemlege for både jobben og resultata av det som Eline har gjort på Undheim. Som tilsett har ho hatt ansvaret for UKUF og «Etter skuletid». Som frivilleg har ho leia koret Supermix. Til sommaren flyttar ho til Skien, og det gjer at me er på utkikk etter ein ny ungdomsarbeidar. Hjelp gjerne med å oppmoda gode kandidatar om å söka.

WEEKEND!

Bli med på weekend 16.-18. september på Vaulali som ligg ved Tau. Weekenden er for alle, og me ønsker å få så mange som mogleg med oss. Påmelding og meir informasjon kjem seinare.

PREST PÅ UNDHEIM

Soknerådet håper at May Brit M. Arnø skal komma igjen til oss. Me veit ikkje når det skjer. Me er takknemlege for at me har Roald Byberg hos oss fram til sommaren!

TAKK, ALLE GIVARAR!

Kyrkja treng både folk som gjer ein frivillig innsats og tilsette. Før me fekk ungdomsarbeidar på plass,

var det ein periode kor det ikkje var eit aktivt ungdomsarbeid på Undheim. Etter Eline blei tilsett som ungdomsarbeidar, kom ungdomsarbeidet i gong igjen, og nå er det ikkje uvanleg med 30 ungdommar på samlingane. Slik vil me ha det! Takk til de som gir til arbeidet og sørger med det for at det er mogleg!

Det kom inn 418 200 kroner i 2021 i fast giverteneste. Dette er 21 400 kroner meir enn i 2020. Takk! I tillegg fekk me inn 37 029 kr i offer til kyrkjelydsarbeidet. Sjølv om dette er veldig bra, er det viktig at alle er klar over at det er behov for at givartenesta aukar betydeleg for å kunna halda fram med det arbeidet me har i dag over tid. I eit normalår kor me betalar ut full løn til alle tilsette, vil lønsutgiftene vera på litt over 700 000 kr.

Takk at du støttar
Møteplassen.
Bruk vedlagde giro.

BØN FOR UKRAINA

Heilage, treeinige Gud,
du som er kjelda til visdomen,
freden og kjærleiken!

Saman med kyrkjer i heile verda kjem vi til deg
og ber: verna folket i Ukraina!

Kom med di trøyst til alle dei som er redde
og som er i dei krigs- og konfliktramma områda.

La dei erfare din kjærleik og fred,
og gjennom det finne mot til gode gjerningar.

Til deg kjem vi med vår uro og
ber om fred i Europa og verda.

Gi leiarane i verda visdom, mot og handlekraft
til å avslutte krigshandlingane,
redde menneskeliv og finne fredelege løysningar.
Jesus Kristus, du som er lys for verda,
kom med din fred!

Amen



Kan du hjelpe et barn eller en ungdom
som trenger et trygt hjem?
Nå er det behov for flere fosterhjem
i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Stavanger og Haugesund om å finne fosterhjem. Mer informasjon om fosterhjem på

fosterhjem.no

– GODT Å VEKSE OPP PÅ UNDHEIM

Aslaug Marie Undheim (69) flytta ut frå heimbygda etter gymnaset i 1971, men banda til heimbygda er framleis sterke.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

– Eg vaks opp på garden Slettabråtet like før du kjem til Engjå på vegen mot Kartavoll, fortel Aslaug Undheim som til vanleg berre bruker det første namnet. – Her vart eg fødd, og her budde eg til eg flytta frå bygda.

GODE MINNE

– Undheim var ei god bygd å vekse opp i, og for meg var det naturleg å vere med i arbeidet på kapellet. Dei første minna frå kapellet går tilbake til søndagsskulen der dei fleste ungane i bygda gjekk. Seinare vart det Yngres, Musikklaget, Ungdomsforeininga og etter kvart også det vanlege arbeidet i regi av organisasjonane.

Konfirmasjonstida betydde mykje for Aslaug.

– Caspar Hennig var prest den første tida på hausten. Men han døydde brått, og ut på våren kom Jens Bjelland som sokneprest. Han hjelpte

oss i gudstrua og i åndslivet, og han nådde inn til den enkelte. Det skapte ei trygg ramme for oss.

BIBELTIMAR

Jens Bjelland starta også med regelmessige og organiserte bibeltimar i kapellet. Han gjekk systematisk gjennom tekstar frå Det Nye Testamentet.

– Dette var ein heilt ny måte å møte oss på, og eg trur at desse bibeltimane knytta saman det

vi kalla bedehusfolket og kyrkjefolket. For Aslaug var det naturleg å vere med i ungdomsforeininga der ho ei tid var med i leiinga. Då var det stort sett møte på kapellet.

UNGDOMSFOREINING OG SKULELAG

– For meg var dette ei gjevande tid. Dei eldre ungdommene tok seg godt av oss yngre, og vi vart godt inkluderte. Ein stor del av ungdommene i bygda var med i ungdomsforeininga – både av guitar og jenter, fortel Aslaug Marie og legg til kor viktig arbeidet som Henny og Torleiv gjorde.

– Dei opna heimen sin, og her hadde Musikklaget sine øvingar. Eg var bevisst at eg ville vere ein kristen, fortel Aslaug.

Seinare vart ho med i skulelaget på Time ungdomsskule og Credo på gymnaset.

– Gjennom oppveksten møtte eg mange som hadde ei levande kristentru og som prega meg.

– Siste gongen eg fekk møte morfar, minna han meg på at «vi skal møtast i himmelen». Det er eit rikt minne, dette var viktig for morfar, og det har følgt meg gjennom livet.

GARBORG OG KNUDAHEIO

Aslaug og Ragnhild (Undheim Aalgaard), på nabogarden var nære venninner, og dei gjekk i same klasse på skulen.

– Vi var mykje i lag og nært knytta saman. Eg hugsar godt når vi var ute og leika, men vi var også mykje inne hos kvarandre. Noko av det gildaste var ulike rolleleikar. Nokre gonger var vi i Knudaheio, men stundom gjekk eg opp dit og var der åleine.

– Arne Garborg betydde utruleg mykje for meg, noko han gjer framleis. Litteraturen hans gjorde sterke inntrykk på meg.

Aslaug opplevde det trygt og godt når ho var i Knudaheio. Og gjennom Garborg sin respekt for andre menneske og deira tankar vart dette ein plass eg kunne reflektere i ro og opne meg for impulsar både frå han og andre.

– I tillegg var det fint å tenke på at det var min farfar som selde Knudaheio til Arne Garborg.

SKULE OG UTDANNING

– Eg starta på Tunheim skule, men avslutta på Undheim skule. Lærarane var stort sett Anna Fotland og Leiv Gauksås. På åtteande trinn flytta vi til Time ungdomsskule på Bryne.

– Deretter vart det engelsklinja på Bryne gymnas, fortel Aslaug og nemner Johannes Aanestad som oppmuntra ho til å ta engelsklinja, men også



Aslaug som konfirmant.
(Foto: Sivertsen)



Aslaug Undheim flytta frå heimbygda etter gymnaset, men ho er framleis sterkt knytta til Undheimbygda.

Velle Kristian.

Sjølv om dei treivst godt i Sunnhordland, så braut dei opp og flytta til Espeland i Bjerkreim. Aslaug hadde dei første åra etter «heimkomsten til Bjerkreim» arbeid som høgskulelektor på Ullandhaug. Seinare vart ho lærar på Vikeså, pedagogisk konsulent ved Bjerkreim skulekontor. Deretter vart det Dalane videregående skole, så opplæringsavdelinga i fylkeskommunen og eit par år i Utdanningsdirektoratet i Oslo. Ho avslutta det aktive arbeidslivet som rektor ved Dalane videregående skole frå 2007 og ut 2020.

– Det var eit privilegium å arbeide der, fortel Aslaug som skryt av skulen, elvane og dei tilsette.

norsklærar Lars Sandve nådde inn til oss, og gjennom møte med litteraturen fekk vi også mat for livet.

Etter gymnastida ville Aslaug til Bergen.

– Målet var å studere tysk – eit fantastisk språk – system og orden – det likte eg. Og i Bergen vart eg verande frå 1971 til 1978. Då hadde eg fullført hovudfag i nordisk i tillegg til faga tysk og litteratur. Ved sida a studiar var det naturleg at Aslaug engasjerte seg i det kristne studentlaget, og der møtte ho ein medisinstudent frå Bjerkreim, Velle Agnar Espeland.

– Det gjekk ikkje lenge før vi vart kjærestar, og i 1974 var det bryllaup i Undheim kapell, fortel Aslaug.

FRÅ BØMLO TIL BJERKREIM

Etter ferdig utdanning trekte ekteparet sørover til Bømlo der Velle var turnuslege og Aslaug fekk seg lærarjobb ved Bømlo vidaregåande skule.

Velle vart seinare distriktslege der.

1984/85 braut dei opp frå Sunnhordaland og flytta til Espeland og heimgarden til Velle. I tida på Bømlo fekk dei to barn, gutane Torvald og

PENSJONIST OG FAMILIE

Men no har ho blitt pensjonist.

– Det var ganske underleg å slutte av. Og i starten var det merkelege dagar, innrømmer Aslaug.

– Men eg kjem meir og meir inn i det no.

Ikkje minst har ho fått betre tid til å følgje opp barna og familiene deira.

Akkurat no bur begge sønene i Trondheim. Torvald med ektefelle Kristin og tre barn bur der fast. Han er tilsett ved hjarteavdelinga på St. Olavs Hospital og er ferd med å avslutta doktorgrad innan hjartemedisin.

Velle Kristian og ektefelle Alice er begge legar. Velle Kristian har permisjon frå sjukehuset i Volda der dei er busette. Han tek no spesialutdanning i hjartemedisin..

Mannen Velle har vore fastlege fram til 2019, no er han pensjonist og driv heimegarden.

Førsteklassingar på dåpsskule

Eit godt knippe barn frå Undheim var med på dåpsskule onsdag 16. mars med avslutning på gudstenesta søndag 20. mars.

Tekst: Steinar Sandvik



Her er førsteklassingar frå Undheim i full aktivitet i kyrkjekjellaren med instruksjon frå trusopplærar Ragnhild Hanssen. (Foto: Tone Vold)

– Det vart ein litt avkorta dåpsskule dette året for Undheim, seier trusopplærar Ragnhild Hanssen som hadde kyrkjelydspedagog Tone Vold med på opplegget.

– Vi skulle hatt fleire samlingar etter skuletid, men på grunn av korona-sjukdom gjekk ikkje det, fortalar Ragnhild. – Men vi hadde også ei samling laurdag føremiddag.

Alle 1. klassingar er velkomne til å vere med på dåpsskulen, men dette året vart vi litt færre enn det som er vanleg på Undheim. Men opplegget vart gjennomført etter planen.

– Til den første samlinga vart barna henta på skulen. I kyrkjekjellaren fekk dei mat og eit variert program der barna kosa seg med leiker og bibelforteljing. Handdukka Mira er ein gjennomgangsfigur på dåpsskulen, fortel Ragnhild og legg til at det også er andre aktivitetar.

Ho fortel at barna skal male kvar sitt kors som vert hengt opp i kyrkja under gudstenesta. Under gudstenesta formidla barna påskeforteljinga og hadde også sang.

TILBOD FOR ALLE

Trusopplæringa har ei rekke tilbod i løpet av året. Målet er at alle barn skal få eitt tilbod i løpet av kvart år. Dei aller yngste kan vere med på babysong, 2-åringane får vere med på hausattakkefesten og 3-åringane kan vere med på krøllekveld. Deretter er det 4-årsklubb der barna får utdelt ein Bibel. Førsteklassingane får vere med på dåpsskule, medan barna i 2. klasse får tilbod om aktivitetsdag og pinsefart. Kvart år er det også eit tilbod om å vere med på barnemesse. Denne våren vert det barnemesse 4. mai.

– Alle barn er velkomne til å vere med på trusopplæringa, fortel Ragnhild. – Er det barn som ikkje er døypte/ikkje medlem i kyrkja, men likevel ønskjer å få invitasjon til trusopplæringa, kan foreldre bli Trusopplærings-abonnent. Då får barna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe. Meir informasjon kan ein få på kyrkjekonteret.

GODT SAMARBEID

Denne gongen har kyrkjelydsedagog Tone Vold vore med på Dåpsskulen på Undheim.

– Eg har det meste av arbeidet mitt knytta til Bryne, fortel Tone som legg til at ho skal også vere med på dei fleste tiltaka i trusopplæringa på Undheim. Tone legg til at ho trivst svært godt og opplever at arbeidet er meiningsfullt.

Det same seier Ragnhild som er svært glad for samarbeidet med Tone.

Og då svarer Tone kontant: – Eg har fått drøymejobben saman med Ragnhild.



Handdukka Mira er gjennomgangsfigur for dei yngste i trusopplæringa. Trusopplærar Ragnhild Hanssen (t.v.) og kyrkjelydsedagog Tone Vold er saman om arbeidet på Undheim. (Privat foto)



Barna har i oppgåve å teikne eller male kors som vert hengde opp i kyrkja under gudstesta. Annemari Årdal Helland sine hender maler kors. (Foto: Ragnhild Hanssen)



Kyrkjelydspedagog Tone Vold saman med barna Annemari Årdal Helland, Pål Simen Undheim og Inger Alida Tjåland Liverud (Foto: Ragnhild Hanssen)

KOMANDE ARRANGEMENT I REGI AV TRUSOPPLÆRINGA

BARNEMESSE, ONSDAG 4. MAI KL. 17:00

No startar me opp med barnemesse – ei vandringsgudsteneste for familiar, tilrettelagt for små barn. Barnemessa er felles for Bryne, Time og Undheim, og blir i Bryne kyrkje.

Me startar opp kl. 17:00 med pølsemiddag. Etterpå vandrar me saman frå stasjon til stasjon inne i kyrkerommet og får bli med inn i ein bibeltekst, tenne lys, synge og motta nattverd. Barnemessa inneheld alt ei gudsteneste er, nå på borna sine premissar. Planen er at dette skal verta eit regelmessig tilbod. Me håpar mange vil vera med!

PINSEFART

Alle som går i 2. klasse vert inviterte til 3 kjekke samlingar der tema er Kristi himmelfart og pinse. Me sender ut invitasjonar.

PÅ SPORET AV JESUS

Laurdag 11. juni inviterer me alle 4. klassingar til «På sporet av Jesus» i Undheim kyrkje. Her får me bli kjende med personar som møtte Jesus og finne ut meir om kven Jesus var. Og Sakkeus inviterer til tacofest. Me sender ut invitasjonar.

BABYSONG

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annakvar onsdag.

Datoar for våren er: **27. 4., 11.5. og 25.5.**
Følg med på <http://www.undheimkyrkja.no/> eller følg Trusopplæringa i Time og Undheim på facebook.

BLI TRUSOPPLÆRINGSABONNENT

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

FØLG «TRUSOPPLÆRINGA I TIME OG UNDHEIM» PÅ FACEBOOK FOR INFO OM DET SOM SKJER I TRUSOPPLÆRINGA I KYRKJENE VÅRE. ME HAR OG EIN EIGEN INSTAGRAMKONTO:
TRUSOPPLÆRINGA_TIME

Døpte i Undheimkyrkja

26. desember



Hedda Viktoria Braut

26. desember



Siri Elise Taksdal

6. februar



Oline Fuglestad Rosland

27. februar



Nils Andreas
Reiten Wergeland

VI SAMLES TIL DÅP I DIN KIRKE PÅ JORD
NORSK SALMEBOK 588 VERS 4

SÅ LED OSS, O GUD,
VED DIN HELLIGE ÅND,
SOM BARN AV DITT
HIMMELSKE RIKE! JA,
STYR DU VÅRT LIV MED
DIN MEKTIGE HÅND OG
LA OSS FÅ BLI I DIN NÅDE.

Kirkens SOS trenger frivillig!

Innføringskurs startar i februar og september
Mer info på FB og kirkens-sos.no/rogaland

Kirkens SOS er for meg et raukt rom, åpent for alle - altid.
En møteplass hvor vi veks realiteten tilles og tas imot
uten kren til en rett tro eller et riktig levet liv!

KIRKEN SOS
ROGALAND

GUDSTENESTER UNDHEIM KYRKJE KL. 10.30

- 3. april - Gudsteneste. Nattverd
- 10. april - palmesøndag
Gudsteneste for store og små. Dåp
- 14. april - skjærtorsdag
Kveldsgudsteneste kl. 19:00. Nattverd
- 17. april - 1. påskedag
Høgtidsgudsteneste. Dåp
- 1. mai - Konfirmasjonsgudsteneste
- 15. mai - Gudsteneste. Nattverd
- 17. mai - kl. 11:00.
Gudsteneste for store og små
- 6. juni - Høgtidsgudsteneste. Dåp
- 12. juni - Gudsteneste. Nattverd
- 26. juni - Gudsteneste. Dåp

Omberar av Møteplassen
Me treng ein person som kan levele
rundt Møteplassen i gamle Eikeland
skulekrins - 4 gonger i året.
Ta kontakt med Hanne Brit
Sandmark - tlf: 996 26 157


KONTAKTINFO:

Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårland	489 97 102
Ungdomsarbeidar: Eline Fosse	454 83 455
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690

BARNAS

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Finn fem feil!


Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på **sondagsskolen.no**
eller **22 08 71 00**



- Klarar du å teikne ein rett strek med ein linjal?
- Sjølvsagt!
- Godt gjort! Eg klarar det ikkje utan blyant.

Vitsar

- Eit egg fekk sjå seg sjølv i eit speil.
– Å nei, eg har blitt eit speilegg!

- Pass deg for trappa!
- Kva for ei trapp-app-app-app ...

Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		<p>Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no</p>
		
<p>Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim</p>	 <p>SOL INSPIRASJON <i>Dikt og oppmuntringer</i></p>	<p>UNDHEIM HANDELSLAG</p> <p></p> <p>undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670</p>
	 <p>NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400</p>	 <p>Sjekk  Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no</p>
	 <p>JKE Transport JAN KARSTEN EGELAND TRANSPORTAS</p>	 <p>Byggmester Ståle N. Sikveland</p>
	 <p>Høiland & Tveit BetonEntreprenør</p>	 <p>SpareBank 1 SR-BANK</p>
 <p>Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no</p>	 <p>Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no</p>	 <p>NOVA BEGRAVELSESBYRÅ</p>
 <p>Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10</p>	 <p>Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN</p>	 <p>Bryne Rør AS</p>